



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

## Utviklinga i kommuneøkonomien

Møre og Romsdal

2022



# Innhold

---

|   |    |
|---|----|
| Samandrag .....                                   | 3  |
| 1 Innleiing .....                                 | 4  |
| 2 Utfordringsbilde og rammeverk .....             | 7  |
| 2.1 Utfordringsbilde .....                        | 7  |
| 2.2 Rammeverk.....                                | 9  |
| 3 Definisjonar.....                               | 13 |
| 4 Driftsrekneskap .....                           | 15 |
| 5 Netto driftsresultat.....                       | 19 |
| 6 Disposisjonsfond .....                          | 24 |
| 7 Kommunal gjeld.....                             | 26 |
| 7.1 Netto lånegjeld.....                          | 28 |
| 7.2 Renteeksponert gjeld.....                     | 31 |
| 7.3 Norges Bank - styringsrente.....              | 34 |
| 7.4 Avdrag .....                                  | 35 |
| 8 Likvide midlar.....                             | 36 |
| 9 Eigedomsskatt.....                              | 38 |
| 10 Havbruksfondet .....                           | 40 |
| 11 KOSTRA .....                                   | 41 |
| 12 Skjønnstilskot .....                           | 44 |
| 13 ROBEK.....                                     | 48 |
| 13.1 Innmelding i ROBEK.....                      | 49 |
| 13.2 Kriteria for registrering på ROBEK.....      | 50 |
| 13.3 Tiltaksplan .....                            | 51 |
| 13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak ..... | 52 |
| 14 Klimabudsjett – klimarekneskap .....           | 53 |
| 15 Eigarstyring - eigarskapsmelding .....         | 54 |
| 15.1 Krav til innhald i eigarskapsmeldinga .....  | 54 |
| Kjelder:.....                                     | 56 |
| Tabellar .....                                    | 57 |
| Figurar .....                                     | 57 |

---

## Samandrag

---

Samla sett er kommuneøkonomien i Norge god, sjølv om spennet dels er stort mellom kommunane både når det gjeld føresetnader og økonomisk resultat. I vårt fylke er lånegjelda høgare, disposisjonsfonda mindre og netto driftsresultat lågare enn landssnittet. Dette gjer at kommunane vert meir sårbare for hendingar som auka lånerente og prisvekst. Det gir også eit mindre handlingsrom for å endre seg i takt med endringar i demografien.

### Kommunalt sjølvstyre

Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er uttrykt i grunnlova og ny kommunelov. Det er kommunestyret som prioriterer på vegne av kommunens innbyggjarar. Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett er sentrale styringsdokument som gir føringar for korleis kommunedirektøren skal gjennomføre det kommunestyret har bestemt. Å få planverk og økonomi til å henge saman kan vere krevjande men er likevel viktig. Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar, sjølv om det er store forskjellar i kommunane sine føresetnader og økonomi.

### Kommuneøkonomien i 2022

Vekst i økonomien bidrog til at kommunesektoren fekk ei uventa auke i skatteinngangen på slutten av året. Kommunane fekk kompensasjon for koronarelaterte utgifter og for utgifter knytt til flyktningar. For landet (utan Oslo) vart gjennomsnittleg netto driftsresultat 2,7 prosent. Dette er ein nedgang frå fjoråret. Netto driftsresultat i Møre og Romsdal var på 1,9 prosent, om lag det same som for førre år. Fem kommunar i Møre og Romsdal hadde negativt netto driftsresultat i 2022. Ytterlegare sju hadde netto driftsresultat på mellom 0 – 1,75 prosent. To av kommunane i Møre og Romsdal er på ROBEK.

På landsbasis hadde kommunesektoren eit disposisjonsfond på 14,5 prosent av driftsinntektene i 2022. Dette er ei auke frå 2021 og det høgste nokon sinne. I Møre og Romsdal er tilsvarande tal 10 prosent, men med eit spenn frå 0,2 til 133,6 prosent. Gjeldsnivået i Møre og Romsdal er aukande og har aldri vore høgare enn no med 113,1 prosent av brutto driftsinntekter. Tilsvarande tall for landet utan Oslo er 92,8 prosent. Når ein ser netto driftsresultat, disposisjonsfond og gjeldsgrad saman, ser vi at det er meir enn halvparten av kommunane i fylket som må ta grep for å sikre langsiktig god økonomiforvaltning.

# 1 Innleiing

---

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir kvart år ut ein rapport som viser hovudtrekk i kommuneøkonomien i fylket. Rapporten er aktuell for politikarar, leiarar og tilsette i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå og andre som har interesse for kommuneøkonomi. Denne utgåva er skriven med tanke på nye kommunepolitikarar og inneheld difor noko ekstra grunnleggjande informasjon.

Statistikk er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennom kommunens eigen rapportering av KOSTRA-tal (Kommune-Stat-Rapportering). Medio juni kvart år publiserer SSB endelige rekneskapstal frå kommunane for året før.

Gjennom KOSTRA-tala kan vi samanlikne informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde. Dette gir relevant informasjon til avgjerdstakrar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, samt gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål vert nådd. Informasjonen skal også bidra til å gjere det mogleg å forbetre tenestene i komunesektoren. KOSTRA-tala gir eit grunnlag for å vurdere prioriteringar, dekningsgrad og produktivitet mellom kommunar og over tid. Ulik prioritering, kvalitet på tenestene, struktur og behov i befolkninga er faktorar som vil påverke nøkkeltala.

Figuren eller tabellen er basert på tal frå SSB dersom ikkje anna kjelde er opplyst. Rekneskapstal som blir nytta er hovudsakleg konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Ved å bruke konserntal, eliminerer vi storparten av forskjellane i tala som skuldast ulik organisering av kommunal tenesteproduksjon. For ei meir inngåande oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til kommunens eigen rekneskap/årsmelding og statistikk frå SSB.

Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan samanfattast i fire roller:


- Myndighetsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteleverandør

Samfunnsoppdraget bør verte gjennomført i tråd med gode planer. Den økonomiske ramma må fordelast på ein slik måte at tenestene til innbyggjarane blir gitt i samsvar med dei lovkrava som gjeld.

I forventningsbrevet 2023 formidlar Statsforvaltaren statens forventingar til kommunane i år. Regjeringa har bestemt at FNs berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet i arbeidet med vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Oppdraget til kommunane blir å gi innhald til berekraftsmåla i eigen politikk gjennom god samfunns- og arealplanlegging. Kartlegginga av lokal berekraft gjennom prosjektet Berekraftsfylket Møre og Romsdal (KPI-kartlegginga) er til god hjelp for kommunane i dette arbeidet. Dei lokale KPI-rapportane inngår som eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med mål, strategiar og tiltak i den kommunale planlegginga.

I denne rapporten vil vi skissere utfordringane som kommunane står i, orientere om sentrale reglar, minne om viktige oppgåver og dele sentrale økonomiske tal i utviklinga i kommuneøkonomien dei siste åra.

Rapporten er tilgjengeleg på vår nettside.



Figur 1 - Illustrasjon av FNs tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål

## 2 Utfordringsbilde og rammeverk


Det er mange faktorar som påverkar kommunane sin kvar dag. Det siste året har vist at krig i Europa og økonomiske konjunkturar verkar direkte inn i dei kommunale prioriteringane. Prisveksten er høg mellom anna på grunn av energikrise i Europa og krigen i Ukraina. Norges Bank har sett opp styringsrenta og marknaden har ei forventning om at renta skal ytterlegare opp for å motverke for høg inflasjon. Norge har svært få arbeidslause og det er mangel på arbeidskraft innanfor mange av områda kommunane etterspør. Det kan difor vere svært krevjande for ein del kommunar å få rekruttert rett kompetanse.

### 2.1 Utfordringsbilde

#### Folketalsutvikling og demografi

For dei aller fleste kommunane går snittalderen opp samtidig som talet på fødslar går ned. Kommunane i Møre og Romsdal er i ferd med å omstille seg i takt med folketalsutviklinga. Arbeidet med å dreie bruken av kommunale midlar frå oppvekstsektoren til helse og omsorg må halde fram.

Aldersbæreevne viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen. Aldersbæreevne vert definert som tal på innbyggjarar i alderen 16-66 år samanlikna med 67 år og oppover. Allereie no ser vi at det er store skilnader mellom kommunane. For kommunane med lågast aldersbæreevne bør dreilinga for å møte demografiske endringar ha komme langt.



Figur 2 – Aldersbæreevne per kommune i Møre og Romsdal - 2023

Kommunane i Møre og Romsdal har til no i år busett totalt 854 flyktninger (tal per mai 2023). I 2022 vart det busett 2 371 flyktningar i Møre og Romsdal. Dette året har Møre og Romsdal blitt bedne om å busetje 2 990. Det var per mai vedtak om å busetje 2 455 flyktningar totalt i 2023.

### **Rekruttering av kvalifiserte medarbeidrarar**

Det har lenge vore ei utfordring å rekruttere kvalifiserte medarbeidrarar i mange kommunar. Det er grunn til å tru at dette vil vere ei utfordring i lang tid framover og at det vil tvinge fram endringar i tenestene.

### **Fattigdom**

Fylkesstatistikken for 2022 viser at Møre og Romsdal har 2 400 hushald med vedvarande låginntekt. I desse hushalda bur 4 500 barn, noko som er tett på ti prosent av barna i fylket. Med prisvekst og auka rentenivå er det all grunn til å tru at dette talet er stigande.

### **Berekraft**

FN sine berekraftsmål skal vere utgangspunktet for samfunnsutvikling og samfunnsstyring på alle nivå. Dette krev omstilling også i kommunal sektor. Vi går inn i ei tid med sterkt fokus på å redusere klimautslepp og der vi legg til rette for å takle klimaendringar og konsekvensane av desse. Kommunane er sentrale i dette arbeidet. I år har difor Statsforvaltaren gitt midlar til fire berekraftkoordinatorar som skal arbeide for heile fylket vårt. Prosjektet er finansiert over to år. Berekraftkoordinatorane skal jobbe retta mot den enkelte kommune og også bidra til at kommunar finn saman for å løyse problemstillingar.

Kommunesektoren er stadig i omstilling med utfordringar knytt til økonomi, kostnadsutvikling, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetting om å effektivisere drifta. Samtidig er det viktig å rigge seg for auka berekraft. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikle og modernisere kommunesektoren. Gjennom berekraftskoordinatorane ønskjer Statsforvaltaren å forsterke arbeidet med berekraft i kommunane samt å stimulere til prosessar i og mellom kommunane for å utvikle tenestetilbodet og få betre økonomi i drifta.

## Sirkulærøkonomi

I ein sirkulærøkonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Dette inneber at ressursen skal brukast på nytt og på nytt med minst mogleg degradering. Kommunar bør som samfunnsutviklar, planmynde, eigar av bygg og eigedom, tenesteleverandør og innkjøpar legge til rette for å utvikle sirkulærøkonomiske tiltak lokalt.

Sirkulærøkonomi er eitt av områda berekraftkoordinatorane kan/skal femne.

Berekraftsfylket Møre og Romsdal har også sirkulærøkonomi som eit av sine satsingsområde. For meir informasjon viser vi til fylkeskommunen si nettside. I tillegg kan vi vise til Anskaffelser.no, Kriterieveiviseren og Innovative anskaffelser.

## Omstilling

For å løyse utfordringane som samfunnet står overfor, må vi evne å omstille oss og gjere endringar så tidleg som råd. Pandemien viste at kommunane har denne evna. Det lovar godt for framtidige utfordringar anten det gjeld det grøne skiftet, mangel på kompetent arbeidskraft, strammare økonomiske rammer eller på heilt andre område.


Frå 1.1.2024 vert Haram ein eigen kommune att. Det er eit krevjande og viktig arbeid som står føre, både for Haram og Ålesund kommune.

## 2.2 Rammeverk

### Kommunal planlegging

Kommuneplanens samfunnsdel er den viktigaste planen for politisk styring. Den gir eit godt grunnlag for prioritering i kommunen. Samfunnsdelen skal innehalde ein handlingsdel.

Kommunens økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Då sikrar ein at kommuneplanlegginga blir kopla til dei økonomiske rammene som kommunen har, og gjer dette synleg i den årlege budsjettprosessen. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har laga eit rettleiingsnotat om temaet der denne samanhengen blir illustrert som vist under.




Figur 3 - Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul (Asplan Viak)

Ei rekke av dei samfunnsutfordringane vi står overfor, må løysast gjennom ei strategisk tilnærming i plan. Dette omfattar til dømes arbeidet med ei berekraftig arealforvalting, samfunnstryggleik og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgstenester, folkehelsearbeid med meir.

Til hausten er det lokalval, og innan utgangen av oktober skal dei nye kommunestyra vere konstituert.

- Det nye kommunestyret skal vedta planstrategi seinast eitt år etter konstituering
- Det nye kommunestyret må vurdere å revidere kommuneplanens samfunnsdel så snart som mogleg
- Arbeidet med å oppdatere kunnskapsgrunnlaget bør no vere godt i gang

Statusen for kommuneplanens samfunnsdel for kommunane i Møre og Romsdal er synleggjort i kartet under. Dei aller fleste kommunane har rullert samfunnsdelen i inneverande valperiode. Ein oppdatert kommuneplan er ein føresetnad for god politisk styring av kommunen, og gir eit godt utgangspunkt for framtidsretta utvikling og styring.



Figur 4 - Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel 2019 - 2023

## Kommuneøkonomi

Mange kommunar opplevde god skatteinngang på slutten av året også i 2022. I tillegg vart kommunane kompensert for koronarelaterte utgifter samt for å ta imot flyktningar. Til saman bidrog dette sterkt til at fleire oppnådde gode økonomiske resultat. Rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (november 2022) tek for seg utviklinga i kommunal økonomi meir inngåande.

Nokre kommunar i Møre og Romsdal hadde i tillegg god avkastning på finansforvaltninga si, medan andre tapte på sal av konsesjonskraft.

Ei arbeidsgruppe med representantar frå Kommunal- og distriktsdepartementet, Finansdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Samferdselsdepartementet, Kunnskapsdepartementet, Kultur- og likestillingsdepartementet, kommunesektoren og KS har i sin endelege rapport anslått at pandemien kosta kommunane 7,5 milliardar kroner i første halvår av 2022. Om lag 65 prosent av meirutgiftene er innanfor helse og omsorg, vel 20 prosent har gått til barnehagar og grunnskole, medan resten er fordelt (i fallande rekkefølge) på vaksinasjon,

andre tenester og kultur og idrett. Arbeidsgruppa konkluderer med at dei fleste kommunane har fått dekt sine meirkostnadar og mindreinntekter i 2020 og 2021.

Nytt inntektssystem for kommunane vil bli utgreidd i NOU som er varsle våren 2024. Dette er planlagd å trå i kraft frå budsjettåret 2025.

På utgiftsida er det venta at generell høg prisvekst på varer og tenester vil påverke kommunebudsjettet i stor grad framover. Inflasjon og høgare rentenivå vil også påverke kommuneøkonomien.

Investeringsnivået til kommunane har vore høgt dei siste åra. I Møre og Romsdal har gjeldsgraden auka ytterlegare og er historisk høg på 113,1 prosent. Dette er eit for høgt nivå for å oppretthalde god økonomisk handleevne. Med høgare rentenivå og ei forventning om ytterlegare renteauke, er det grunn til å tru at fleire kommunar vil få utfordringar med å dekke låneutgiftene sine over driftsbudsjettet. Samtidig varslar regjeringa ei innstramming i offentleg bruk av pengar.

### 3 Definisjonar

---

Her forklarar vi nokre typiske ord og uttrykk i kommunerekneskapen.

**Brutto driftsinntekter** (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, havbruksfondet, eigedomsskatt, brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter, overføringer med krav om motyting og andre overføringer er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.


**Eksterne finansinntekter** er renteinntekter, utbytte, eigaruttak og kursgevinstar på finansielle instrument.

**Motpost avskrivingar**. Avskrivingar inngår i brutto driftsresultat, men blir trekt frå gjennom motpost avskrivingar. Det er avdrag som har verknad på rekneskapen og netto driftsresultat.

**Eksterne finansutgifter** er renteutgifter, provisjonar, andre finansutgifter, kurstap på finansielle instrument og avdragsutgifter.

**Netto driftsresultat** (NDR) er driftsinntekter med frådrag av driftsutgifter, renter og avdrag. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene som går med til å betale renter og avdrag. NDR viser kor mykje kommunen sit att med til avsettingar til framtidig bruk, slik som gjennom disposisjonsfond og eigenkapitalkrav til investeringar. Ein kommune kan også ha eit betre NDR enn brutto driftsresultat om kommunen har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. NDR er den vitigaste enkeltståande indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommune.

Tabell 1 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat



**Dispositionsfond** kan vere bundne og frie. Dei bundne disposisjonsfonda må nyttast til føremålet dei er knytt til. Den frie delen av disposisjonsfondet er midlar som kommunen kan disponere fritt til både drifts- og investeringsføremål. Når netto driftsresultat viser mindreforbruk kan kommunen bygge opp reserver i disposisjonsfondet.

**Eigenkapitalkrav** er at kommunen vedtek ein handlingsregel om at investeringar skal finansierast med ein del av disposisjonsfondet.

**Netto lånegjeld** er gjelda til kommunane som er renteeksponert, inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.

**Renteeksponert gjeld** er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittføretak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikatmarknaden.


**Sertifikatlån** er eit kortstiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varighet på 3, 6, 9 eller 12 månader.

## 4 Driftsrekneskap

Driftsrekneskapen viser kommunens inntekter og utgifter.

På landsbasis fordeler driftsutgiftene seg på ulike tenesteområde, som vist i figuren under.


Fordelinga er stabil frå førre år. Helse og omsorgstenestene krev mykje av kommunane sine ressursar med 34 prosent av utgiftene. Det same gjer oppvekst med grunnskoleopplæring og barnehage som til saman utgjer 29 prosent. Desse tenestene utgjer omlag ca. 60 - 65 prosent av kommunane sine driftsutgifter.



Figur 5 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i prosent av totale brutto driftsutgifter

Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar, sjølv om det er store forskjellar i kommunane sin økonomi. Figur 7 og tabell 2 viser inntekter, utgifter og gjeld per innbyggjar. Dei kommunane som har meir utgifter enn inntekter har ei utfordring om dette varer over fleire år. Dei bør planlegge slik at det blir balanse mellom inntekter og utgifter.

Kommunens gjeld verkar direkte inn på kommunens økonomiske handleevne. Dei årlege avdraga og rentekostnadane er ei aukande driftsutgift for kommunane i vårt fylke. For gjeld, sjå kapittel 7.



Figur 6 - Fordeling av kommunane sine frie inntekter 2022, førebelse tal.

Kjelde: Kommuneproposisjonen 2024


Norges kommunar sine frie inntekter i 2022 er framstilt i figuren på venstre side.

Dei største inntektskjelda er skatteinntekter og rammetilskot.

Meirskatteinntektene på slutten av året i 2022 skuldast god skatteinngang. I tillegg vart kommunane kompensert for koronarelaterte utgifter.

For meir om eigedomsskatt og om havbruksfondet, sjå kapittel 9 og 10.

### Differanse mellom inntekter og utgifter pr. innbyggjar i 2022



Figur 7 - Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbyggjar i 2022

Tabellen er meint som ein illustrasjon på kommunen sin økonomiske situasjon.

Tabell 2 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbyggar - 2022

| Kommune                  | Brutto driftsutgifter totalt | Brutto driftsinntekter totalt | Netto lånegjeld |
|--------------------------|------------------------------|-------------------------------|-----------------|
| <b>1505 Kristiansund</b> | 102 673                      | 102 833                       | 126 077         |
| <b>1506 Molde</b>        | 106 273                      | 106 907                       | 144 685         |
| <b>1507 Ålesund</b>      | 91 703                       | 94 490                        | 98 535          |
| <b>1511 Vanylven</b>     | 115 490                      | 115 500                       | 77 359          |
| <b>1514 Sande</b>        | 121 432                      | 120 760                       | 108 067         |
| <b>1515 Herøy</b>        | 83 713                       | 86 129                        | 129 055         |
| <b>1516 Ulstein</b>      | 95 850                       | 98 564                        | 159 481         |
| <b>1517 Hareid</b>       | 107 723                      | 109 473                       | 153 802         |
| <b>1520 Ørsta</b>        | 95 854                       | 97 315                        | 123 998         |
| <b>1525 Stranda</b>      | 114 097                      | 117 097                       | 166 460         |
| <b>1528 Sykkylven</b>    | 85 443                       | 87 431                        | 94 726          |
| <b>1531 Sula</b>         | 89 250                       | 92 867                        | 114 963         |
| <b>1532 Giske</b>        | 85 946                       | 92 517                        | 113 194         |
| <b>1535 Vestnes</b>      | 117 761                      | 118 451                       | 96 183          |
| <b>1539 Rauma</b>        | 105 674                      | 109 697                       | 126 557         |
| <b>1547 Aukra</b>        | 154 230                      | 188 268                       | 161 038         |
| <b>1554 Averøy</b>       | 97 743                       | 97 926                        | 107 242         |
| <b>1557 Gjemnes</b>      | 109 136                      | 113 766                       | 83 285          |
| <b>1560 Tingvoll</b>     | 119 073                      | 121 744                       | 108 379         |
| <b>1563 Sunndal</b>      | 125 437                      | 128 595                       | 77 961          |
| <b>1566 Surnadal</b>     | 117 959                      | 119 910                       | 103 571         |
| <b>1573 Smøla</b>        | 154 569                      | 164 361                       | 142 810         |
| <b>1576 Aure</b>         | 127 490                      | 132 350                       | 101 753         |
| <b>1577 Volda</b>        | 108 690                      | 111 967                       | 152 291         |
| <b>1578 Fjord</b>        | 160 627                      | 152 522                       | 153 018         |
| <b>1579 Hustadvika</b>   | 99 758                       | 103 588                       | 106 234         |

Kjelde: SSB tabell 12137: Finansielle nøkkeltal i kroner per innbyggar, kommunekonsern, etter region, statistikkvariabel, år og rekneskapsomgrep.

Dei mest sentrale indikatorane i kommuneøkonomien er netto driftsresultat, storleiken på disposisjonsfond og gjeldsgraden. Det er samanhengen mellom desse indikatorane som gir uttrykk for kommunens økonomiske tilstand. I dei neste tre kapitla vil gå meir inn på dei ulike indikatorane.

Figuren under illustrerer kommunen si økonomiske tilstand i ein trappefigur. Kommunar høgst i trappa har sunn økonomi og er merka grøne. Midt i trappa ligg kommunar som brukar av disposisjonsfondet sitt for å dekke opp meirforbruk i rekneskapen (merka gule). Desse kommunane må vurdere om dei vil måtte halde fram å bruke av disposisjonsfondet, og om storleiken på disposisjonsfondet vil tolle fleire år med meirforbruk. Det er ofte på dette tidspunktet kommunen bør ta grep for å unngå økonomisk ubalanse. Lågast i trappa ligg dei kommunane som har økonomisk ubalanse og er meldt inn i ROBEK-registeret (merka raude).




Figur 8 - Tiltakstrappa - økonomisk balanse

## 5 Netto driftsresultat

Netto driftsresultat (NDR) er summen av alle inntekter minus alle utgifter. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunenesektoren. Teknisk berekningsutval for (TBU) tilrår at netto driftsresultat bør utgjere 1,75 prosent av brutto driftsinntekt over tid, for at *formuesbevaringsprinsippet* skal bli teke i vare. Prinsippet inneber at ein kommune si samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag av gjeld, ikkje skal verte redusert over tid.


Landet utanom Oslo har i gjennomsnitt eit netto driftsresultat på 2,7 prosent, medan Møre og Romsdal har 1,9 prosent av brutto driftsinntekt (BDI) i 2022. Eit gjennomsnittleg netto driftsresultat på 2,7 prosent for landet (utan Oslo) er vesentleg lågare enn for 2021. Det er stor variasjon mellom kommunanes netto driftsresultat både internt i Møre og Romsdal og i landet totalt sett.



Figur 9 - Kart over kommunar som viser positivt og negativt netto driftsresultat

Kommunar farga raudt hadde negativt netto driftsresultat, medan kommunar med grøn farge hadde netto driftsresultat på over 1,75 prosent.

I 2022 var det 21 kommunar som hadde positivt NDR og fem kommunar som hadde negativt NDR. Dei siste åra har det vore ein reduksjon i tal på kommunar ned negativt NDR. Dette gjeld også for kommunar ned nullresultat. Også i 2021 var det fem kommunar med negativt NDR, men det var dels andre kommunar enn i 2022. Styrkinga dei siste åra kan i stor grad forklarast med høgare skatteinngang enn venta.



Figur 10 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

På landsbasis hadde 19 prosent av kommunane negativt netto driftsresultat. Dette er likt som for Møre og Romsdal med fem av 26 kommunar med negativt NDR. På landsbasis har 38 prosent av

kommunane lågare NDR enn kva som er tilrådd frå TBU på 1,75 prosent. I Møre og Romsdal er tilsvarande tal 46 prosent, altså 12 av 26 kommunar.

Kommunar som har hatt negativt NDR over fleire år, bør arbeide for å få økonomien i balanse. Ved inngangen til 2023 var to kommunar i ROBEK-registeret. Våren 2023 blei Stranda kommune meldt inn i ROBEK-registeret. Vestnes kommune blei meldt ut forsommaren same år. Statusen etter første halvår er at to kommunar, Rauma og Stranda, er i ROBEK-registeret. Vi ser at fleire står i fare for å bli meldt inn i åra som kjem. Det er difor viktig å gjere naudsynte politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi. Meir informasjon om ROBEK finn du i kapittel 13.

Tabell 3 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

| <b>Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter 2019 - 2022</b> |             |             |             |             |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
|   | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> |
| <b>1505 Kristiansund</b>  | 0,9         | 2,0         | 2,4         | 0,5         |
| <b>1506 Molde</b>   | .           | 3,2         | 2,6         | -0,4        |
| <b>1507 Ålesund</b>   | .           | -1,7        | 0,4         | 2,9         |
| <b>1511 Vanylven</b>  | -5,1        | -1,9        | 1,4         | 1,0         |
| <b>1514 Sande</b>   | -0,3        | 1,1         | 1,9         | -2,0        |
| <b>1515 Herøy</b>   | 1,7         | -0,1        | 0,0         | -3,1        |
| <b>1516 Ulstein</b>   | 0,6         | 0,2         | 0,8         | 0,3         |
| <b>1517 Hareid</b>  | 0,0         | -0,2        | 0,8         | 0,3         |
| <b>1520 Ørsta</b>   | -0,2        | 0,4         | 1,1         | 1,5         |
| <b>1525 Stranda</b>   | 2,2         | -1,5        | -0,1        | 2,3         |
| <b>1528 Sykkylven</b>   | -0,3        | -0,4        | 1,6         | 2,3         |
| <b>1531 Sula</b>  | 0,6         | -0,2        | 4,0         | 2,1         |
| <b>1532 Giske</b>   | -1,0        | -0,5        | 4,5         | 4,1         |
| <b>1535 Vestnes</b>   | -0,5        | -1,4        | -1,8        | 2,4         |
| <b>1539 Rauma</b>   | -1,5        | -5,7        | 0,0         | 4,2         |
| <b>1547 Aukra</b>   | 27,2        | 22,9        | 12,4        | 14,2        |
| <b>1554 Averøy</b>  | -0,7        | 6,0         | -0,5        | -1,0        |
| <b>1557 Gjemnes</b>   | 0,0         | -2,3        | -2,0        | 2,2         |
| <b>1560 Tingvoll</b>  | -2,7        | 2,6         | 1,4         | 0,5         |
| <b>1563 Sunndal</b>   | -3,8        | -0,2        | 4,0         | 4,2         |
| <b>1566 Surnadal</b>  | -2,6        | 1,6         | 2,4         | 0,8         |
| <b>1573 Smøla</b>   | -1,1        | 8,7         | 2,8         | 5,6         |
| <b>1576 Aure</b>  | -1,3        | 4,8         | 2,8         | 4,8         |
| <b>1577 Volda</b>   | .           | 2,3         | 1,7         | 1,8         |
| <b>1578 Fjord</b>   | .           | 0,7         | -1,8        | -4,0        |
| <b>1579 Hustadvika</b>  | .           | 0,7         | 4,3         | 2,6         |
| <b>15 Møre og Romsdal</b>   | -0,8        | 1,0         | 1,8         | 1,9         |
| <b>Landet utan Oslo</b>   | 1,5         | 2,5         | 4,2         | 2,7         |


\*Nye samanslalte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12134: Utvalde nøkkeltal for kommunerekneskap 2019 - 2022.


Om rekneskapen viser positivt netto driftsresultat, kan midlane nyttast i drifta, til investeringar eller settast av på fond til seinare bruk (avsetjingar). Dersom kommunen har eit negativt netto driftsresultat, må dette dekkast inn ved bruk av fondsmidlar og/eller stryke budsjetterte avsetjingar.

For å vurdere kommunens økonomiske handleevne, kan det vere nyttig å sjå på netto driftsresultat i samanheng med kommunens disposisjonsfond. Figurane under viser denne samanhengen i kommunesektoren frå 2005 til og med 2022. Her kjem det tydeleg fram at kommuneøkonomien på landsbasis er god.

A. Netto driftsresultat<sup>1</sup> i prosent av brutto driftsinntekter for hhv. sektor, kommunene og fylkeskommunene.



B. Disposisjonsfond<sup>1,2</sup> i prosent av brutto driftsinntekter for hhv. sektor, kommunene og fylkeskommunene.



Figur 11 - Netto driftsresultat og disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene i 2005-2022

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2024.


I Møre og Romsdal har NDR vore lågare enn landsgjennomsnittet dei siste fire åra. Det same gjeld disposisjonsfondet. Gjennomsnittleg disposisjonsfond er aukande også for Møre og Romsdal, og er no på 10 prosent for 2022 når ein ser fylket under eitt.

## 6 Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er «sparepengar» som kommunen kan bruke. Å ha «pengar på bok» kan avhjelpe kommunen om dei får utgifter dei ikkje har budsjettert for. Statsforvaltaren tilrår at disposisjonsfondet minst er på mellom 5 og 10 prosent av brutto driftsinntekt. Dette gir kommunen handlingsrom til å handtere svingingar i økonomien. Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål og skal brukast om kommunerekneskapen viser meirforbruk.

I alt åtte kommunar har disposisjonsfond mindre enn fem prosent. Av desse åtte kommunane har halvparten NDR over tilrådd nivå. Seks av dei åtte kommunane har ein gjeldsgrad på over 100 prosent av brutto driftsinntekter. Av desse seks kommunane er berre ein meldt inn i ROBEK-registeret. Dei har alle grunn til å arbeide med å få økonomien inn i eit berekraftig spor.

Under er disposisjonsfond vist i diagramsform. ROBEK-kommunar kan ha positivt disposisjonsfond, då dei bundne fonda berre kan brukast på gitte vilkår.



Figur 12 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2022

Tabell 4 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter


| <b>Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2019 - 2022</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1505 Kristiansund</b>  | 0,7         | 2,9         | 5,4         | 6,9         |
| <b>1506 Molde</b>   | .           | 6,5         | 8,7         | 8,2         |
| <b>1507 Ålesund</b>   | .           | 0,9         | 0,3         | 2,0         |
| <b>1511 Vanylven</b>  | 11,6        | 8,1         | 8,3         | 7,7         |
| <b>1514 Sande</b>   | 0,1         | 0,1         | 1,8         | 0,2         |
| <b>1515 Herøy</b>   | 7,2         | 6,8         | 6,6         | 4,0         |
| <b>1516 Ulstein</b>   | 6,3         | 5,2         | 5,9         | 6,3         |
| <b>1517 Hareid</b>  | 3,0         | 0,8         | 0,8         | 2,8         |
| <b>1520 Ørsta</b>   | 8,1         | 8,8         | 9,5         | 10,4        |
| <b>1525 Stranda</b>   | 8,3         | 8,9         | 7,4         | 10,0        |
| <b>1528 Sykkylven</b>   | 2,8         | 3,1         | 3,7         | 5,8         |
| <b>1531 Sula</b>  | 11,2        | 12,5        | 14,5        | 16,3        |
| <b>1532 Giske</b>   | 0,4         | 0,0         | 0,5         | 4,6         |
| <b>1535 Vestnes</b>   | 3,1         | 2,6         | 1,4         | 1,5         |
| <b>1539 Rauma</b>   | 3,1         | 3,0         | 1,9         | 1,6         |
| <b>1547 Aukra</b>   | 107,1       | 121,5       | 131,9       | 133,6       |
| <b>1554 Averøy</b>  | 3,9         | 11,6        | 10,7        | 8,3         |
| <b>1557 Gjemnes</b>   | 13,0        | 10,5        | 8,0         | 9,5         |
| <b>1560 Tingvoll</b>  | 12,2        | 13,1        | 14,1        | 12,9        |
| <b>1563 Sunndal</b>   | 17,3        | 17,2        | 20,6        | 22,5        |
| <b>1566 Surnadal</b>  | 4,4         | 3,1         | 5,2         | 5,0         |
| <b>1573 Smøla</b>   | 19,6        | 18,9        | 21,2        | 21,3        |
| <b>1576 Aure</b>  | 10,7        | 14,5        | 14,4        | 17,5        |
| <b>1577 Volda</b>   | .           | 5,9         | 7,1         | 8,4         |
| <b>1578 Fjord</b>   | .           | 1,0         | 0,2         | 0,2         |
| <b>1579 Hustadvika</b>  | .           | 5,1         | 9,5         | 11,2        |
| <b>Møre og Romsdal</b>  | 7,8         | 8,0         | 8,9         | 10,0        |
| <b>Landet utan Oslo</b>   | 11          | 11,9        | 13,7        | 14,5        |

\* Nye samanslåtte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter 2019 - 2022.

## 7 Kommunal gjeld

Kommunane si gjeld har auka gradvis dei siste åra. Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. KS anbefaler at gjeldsgraden over tid ikkje ligg over 75 prosent av brutto driftsinntekt. Statsforvaltaren har tilrådd at gjeldsgraden over tid ikkje bør ligge over landsgjennomsnittet. På landsbasis har lånegjelda gått frå 83,1 prosent i 2016 til 92,8 prosent i 2022. Også i Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har auka tilsvarande. For 2022 er talet 113,1 prosent. Dette er eit svært høgt gjeldsnivå. Vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det vert underbygd av auken i rentenivået. Vi tilrar at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal for gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar.



Figur 13 - Utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2016–2022

Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltninga eller gjeldsforvaltninga. Kvar kommune må vurdere kva finansiell risiko kommunen kan tolke. Dette vil vere avhengig av kommunens disposisjonsfond og netto driftsresultat.


Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattende investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane.

Kommunane kan ta opp lån til eigne investeringar, men ikkje til drift. Kommunane kan også finansiere investeringar med eigne midlar (disposisjonsfond).

Kommunane skal vedta finansielle måltal. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt) og eigenfinansieringskrav kan vere finansielle måltal.

Nivået på norske kommunar sine gjeldskjelder frå 2001 til 2022 er vist i figuren under.

**A. Kommuneforvaltingens brutto langsiktige gjeld (K2), fordelt etter kredittkilder<sup>1</sup> i mrd. kroner.**




Figur 14 - Langsiktig gjeld fordelt på kredittkjelder 2001–2022

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2024.

## 7.1 Netto lånegjeld

Langsiktig gjeld kjem fram av kommunens balanserekneskap. Det omfattar lån til investeringar, pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar. I netto lånegjeld er pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar tatt ut. Netto lånegjeld blir brukt som mål på kommunens gjeld knytt til tenesteytinga. I netto lånegjeld er lån til sjølvkosttenester tatt med, slik som vatn, avløp og renovasjon. Figuren under er landsdekkande og viser fordelinga av kommunesektorens langsiktige gjeld i milliardar (mrd.) kroner. Samla gjeld var 700 mrd. kroner ved utgangen av 2022. På same tidspunkt er netto renteeksponert gjeld anslått til 274 mrd. kroner.


### B. Kommunesektorens langsiktige gjeld og renteeksponering ved utgangen av 2022 i mrd. kroner.



Figur 15 - Fordeling av kommunane si langsiktige gjeld – landsdekkande 2022

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2024.

I Møre og Romsdal har 16 kommunar ein gjeldsgrad over 100 prosent av brutto driftsinntekt. Av desse har ti kommunar over 120 prosent. Dei siste åra har det vore ei auke i tal på kommunar med gjeldsgrad over både 100 og 120 prosent. Statsforvaltaren har også tidlegare peika på at det høge gjeldsnivået gjer at driftsbudsjettet blir ytterlegare pressa med høgare rentenivå.



Figur 16 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Tabellen nedanfor viser korleis gjelda har utvikla seg per kommune samanlikna mot fylket sett under eitt og for landet utan Oslo dei fire siste åra. Det er 16 kommunar som har lågare gjeldsgrad i 2022 samanlikna med 2021.

Tabell 5 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

| <b>Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter i 2019 - 2022</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1505 Kristiansund</b>   | 122,4       | 121,7       | 122,8       | 122,6       |
| <b>1506 Molde</b>  | .           | 136,1       | 136,2       | 135,3       |
| <b>1507 Ålesund</b>  | .           | 102,4       | 101,5       | 104,3       |
| <b>1511 Vanylven</b>   | 68,0        | 68,4        | 66,5        | 67,0        |
| <b>1514 Sande</b>  | 94,2        | 91,5        | 89,7        | 89,5        |
| <b>1515 Herøy</b>  | 109,2       | 125,4       | 117,5       | 149,8       |
| <b>1516 Ulstein</b>  | 185,8       | 187,8       | 184,2       | 161,8       |
| <b>1517 Hareid</b>   | 109,1       | 130,1       | 147,0       | 140,5       |
| <b>1520 Ørsta</b>  | 111,6       | 114,1       | 122,6       | 127,4       |
| <b>1525 Stranda</b>  | 155,2       | 154,3       | 148,2       | 142,2       |
| <b>1528 Sykkylven</b>  | 93,3        | 92,4        | 87,7        | 108,3       |
| <b>1531 Sula</b>   | 119,3       | 112,4       | 115,1       | 123,8       |
| <b>1532 Giske</b>  | 142,3       | 128,3       | 128,7       | 122,3       |
| <b>1535 Vestnes</b>  | 88,6        | 88,9        | 87,5        | 81,2        |
| <b>1539 Rauma</b>  | 96,3        | 105,2       | 109,8       | 115,4       |
| <b>1547 Aukra</b>  | 59,9        | 69,5        | 89,2        | 85,5        |
| <b>1554 Averøy</b>   | 95,4        | 94,1        | 103,5       | 109,5       |
| <b>1557 Gjemnes</b>  | 72,3        | 86,9        | 81,9        | 73,2        |
| <b>1560 Tingvoll</b>   | 95,6        | 93,4        | 100,2       | 89,0        |
| <b>1563 Sunndal</b>  | 66,9        | 65,4        | 63,8        | 60,6        |
| <b>1566 Surnadal</b>   | 65,4        | 71,5        | 91,7        | 86,4        |
| <b>1573 Smøla</b>  | 97,6        | 91,4        | 108,4       | 86,9        |
| <b>1576 Aure</b>   | 67,7        | 79,7        | 80,0        | 76,9        |
| <b>1577 Volda</b>  | .           | 133,5       | 131,8       | 136,0       |
| <b>1578 Fjord</b>  | .           | 108,3       | 107,0       | 100,3       |
| <b>1579 Hustadvika</b>   | .           | 95,2        | 97,6        | 102,6       |
| <b>Møre og Romsdal</b>   | 108,5       | 110,8       | 112,2       | 113,1       |
| <b>Landet utan Oslo</b>  | 91,2        | 95,1        | 93          | 92,8        |


\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 7.2 Renteeksponert gjeld

Renteeksponert gjeld er den delen av kommunen si gjeld som blir direkte påverka av endringar i rentenivået. Renteeksponert gjeld er netto lånegjeld, utanom gjeld til vatn, avløp og renovasjon og utan gjeld knytt til rentekompensasjonsordninga, jf. figur 13.

Figur 16 viser korleis langsiktig gjeld er fordelt i kommunal sektor dei siste åra, der det grå feltet viser storleiken på renteeksponert gjeld.



Figur 17 – Kommunane si langsiktige gjeld og renteeksponering i 2005–2022 i prosent av driftsinntektene

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2024.

I Møre og Romsdal var samla renteeksponert gjeld på 21,1 mrd. kroner i 2022. Med ein renteauke på eitt prosentpoeng vil dette auke lånekostnadane i driftsrekneskapen med 211 millionar kroner. Ein renteauke vil verke inn på renteinntektene også. Dette gir likevel ein indikasjon på kor sårbar kommunen vil vere for endringar i rentenivået. I rentemøte 22. juni 2023 vart det ei dobbel renteheving. Styringsrenta vart med det sett opp til 3,75 prosent. Dette har stor påverknad på kommunane med høg gjeldsgrad i sin økonomi.

Tabell 6 – Netto renteeksponert gjeld

| <b>Netto renteeksponert gjeld</b> |                              |                        |                                |
|-----------------------------------|------------------------------|------------------------|--------------------------------|
|                                   | <b>Folketal pr. 1.1.2022</b> | <b>Beløp i 1000 kr</b> | <b>Beløp per innbyggar, kr</b> |
| <b>1505 Kristiansund</b>          | 24 013                       | 1 849 341              | 77 014                         |
| <b>1506 Molde</b>                 | 32 002                       | 3 323 132              | 103 841                        |
| <b>1507 Ålesund</b>               | 67 114                       | 4 346 195              | 64 758                         |
| <b>1511 Vanylven</b>              | 3 045                        | 174 067                | 57 165                         |
| <b>1514 Sande</b>                 | 2 422                        | 220 293                | 90 955                         |
| <b>1515 Herøy</b>                 | 8 765                        | 888 612                | 101 382                        |
| <b>1516 Ulstein</b>               | 8 557                        | 1 133 276              | 132 438                        |
| <b>1517 Hareid</b>                | 5 126                        | *                      | *                              |
| <b>1520 Ørsta</b>                 | 10 833                       | 965 502                | 89 126                         |
| <b>1525 Stranda</b>               | 4 467                        | 496 518                | 111 152                        |
| <b>1528 Sykkylven</b>             | 7 558                        | 512 205                | 67 770                         |
| <b>1531 Sula</b>                  | 9 547                        | 710 298                | 74 400                         |
| <b>1532 Giske</b>                 | 8 597                        | 656 290                | 76 339                         |
| <b>1535 Vestnes</b>               | 6 936                        | 602 728                | 86 899                         |
| <b>1539 Rauma</b>                 | 7 019                        | 666 961                | 95 022                         |
| <b>1547 Aukra</b>                 | 3 518                        | 477 047                | 135 602                        |
| <b>1554 Averøy</b>                | 5 828                        | 453 616                | 77 834                         |
| <b>1557 Gjemnes</b>               | 2 669                        | 153 269                | 57 426                         |
| <b>1560 Tingvoll</b>              | 2 960                        | 232 876                | 78 674                         |
| <b>1563 Sunndal</b>               | 6 932                        | 238 390                | 34 390                         |
| <b>1566 Surnadal</b>              | 5 849                        | 452 590                | 77 379                         |
| <b>1573 Smøla</b>                 | 2 120                        | 130 097                | 61 367                         |
| <b>1576 Aure</b>                  | 3 384                        | 91 617                 | 27 074                         |
| <b>1577 Volda</b>                 | 10 809                       | 1 237 909              | 114 526                        |
| <b>1578 Fjord</b>                 | 2 491                        | 301 860                | 121 180                        |
| <b>1579 Hustadvika</b>            | 13 287                       | *                      | *                              |
| <b>Møre og Romsdal</b>            | 265 848                      | 21 101 557             | 79 375                         |
| <b>Landet utan Oslo</b>           | 5 425 270                    | 230 665 158            | 42 517                         |

\*Ikke innrapportert tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet.

Tabell 7 – Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

| <b>Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter i 2019 - 2022</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1505 Kristiansund</b>  | 87,1        | 87,2        | 86,5        | 85,5        |
| <b>1506 Molde</b>   | .           | 111,3       | 111,2       | 112,0       |
| <b>1507 Ålesund</b>   | .           | 75,5        | 75,6        | 78,1        |
| <b>1511 Vanylven</b>  | 49,9        | 49,1        | 47,8        | 49,4        |
| <b>1514 Sande</b>   | 64,8        | 62,6        | 60,3        | 60,7        |
| <b>1515 Herøy</b>   | 102,3       | 119,2       | 112,2       | 145,1       |
| <b>1516 Ulstein</b>   | 155,1       | 157,1       | 154,2       | 134,7       |
| <b>1517 Hareid</b>  | 82,4        | 102,3       | 118,3       | .           |
| <b>1520 Ørsta</b>   | 90,3        | 92,9        | 102,1       | 108,1       |
| <b>1525 Stranda</b>   | 94,5        | 115,3       | 111,9       | 108,8       |
| <b>1528 Sykkylven</b>   | 75,4        | 73,2        | 68,6        | 88,8        |
| <b>1531 Sula</b>  | 80,6        | 74,2        | 80,7        | 90,7        |
| <b>1532 Giske</b>   | 106,4       | 93,2        | 96,6        | 90,7        |
| <b>1535 Vestnes</b>   | 82,8        | 83,9        | 83,5        | 78,0        |
| <b>1539 Rauma</b>   | 77,8        | 85,4        | 90,4        | 97,3        |
| <b>1547 Aukra</b>   | 41,4        | 49,7        | 67,8        | 64,0        |
| <b>1554 Averøy</b>  | 73,5        | 72,1        | 83,0        | 91,6        |
| <b>1557 Gjemnes</b>   | 56,7        | 72,1        | 68,6        | 62,0        |
| <b>1560 Tingvoll</b>  | 75,1        | 83,7        | 80,1        | 71,7        |
| <b>1563 Sunndal</b>   | 53,6        | 51,1        | 50,7        | 48,9        |
| <b>1566 Surnadal</b>  | 42,3        | 59,3        | 79,5        | 73,3        |
| <b>1573 Smøla</b>   | 70,8        | 67,5        | 85,9        | 68,5        |
| <b>1576 Aure</b>  | 46,2        | 57,5        | 55,9        | 53,2        |
| <b>1577 Volda</b>   | .           | 109,7       | 109,4       | 115,0       |
| <b>1578 Fjord</b>   | .           | 88,3        | 87,1        | 82,1        |
| <b>1579 Hustadvika</b>  | .           | 66,7        | 72,3        | .           |
| <b>Møre og Romsdal</b>  | 84,2        | 86,1        | 88          | 90,7        |
| <b>Landet utan Oslo</b>   | 66,3        | 69          | 67,9        | 67,9        |

\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.


## 7.3 Norges Bank - styringsrente

Styringsrenta til Norges Bank verkar inn på kva rentevilkår långjevar tilbyr kommunane.

I september 2019 sette Norges Bank renta opp til 1,5 prosent, som då var det høgste nivået dei føregåande fem åra. På det tidspunktet vurderte Norges Bank utsiktene og risikobildet slik at veksten i norsk økonomi og kapasitetsutnytting var noko over eit normalt nivå, som tilsa høgare rente. I mars 2020 stengte Norge ned på grunn av koronapandemien. Det førte til den kraftigaste nedgangen i norsk økonomi i nyare tid og Norges Bank sette renta til 0 prosent 6. mai 2020.

Norges Bank valde å halde styringsrenta på 0 prosent fram til september 2021, då den blei sett til 0,25 prosent. Sidan då har renta blitt sett opp ei rekke gonger, no sist til 3,75 prosent. Det er signalisert at renta sannsynlegvis vil auke ytterlegare til 4,25 prosent i løpet av hausten 2023, ref. Norges banks prognose i *Pengepolitisk rapport 2/23*. Dette på grunn av høg inflasjon, ei svekka krone og auka styringsrenter også utanfor Norge. *Norges Banks komité pengepolitikk og finansiell stabilitet* si vurdering er at det er behov for ei høgare rente for å dempe inflasjonen.

Norges Banks styringsrente. Prosent



Figur 18 - Utviklinga i styringsrente 2005–2023 (Norges bank) pr. 22. juni 2023.

## 7.4 Avdrag

Lån skal nedbetalast årleg med minimum det kommunelova krev i avdrag. Tabell 8 viser kor stor prosent av brutto driftsinntekter som blir brukt til å betale avdrag kvart år. Også her blir driftsrekneskapen påverka av storleiken på gjelda. Fem kommunar brukar meir enn fem prosent av driftsinntektene til å betale avdrag. Rentekostnadene kjem i tillegg.

Tabell 8 – Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter

| <b>Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter i 2019 - 2022</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> |
|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1505 Kristiansund</b>  | 3,7         | 5,1         | 5,4         | 5,5         |
| <b>1506 Molde</b>   | .           | 5,2         | 5,4         | 5,3         |
| <b>1507 Ålesund</b>   | .           | 4,5         | 4,2         | 3,9         |
| <b>1511 Vanylven</b>  | 3,4         | 3,5         | 3,5         | 3,3         |
| <b>1514 Sande</b>   | 3,4         | 3,4         | 4,1         | 4,1         |
| <b>1515 Herøy</b>   | 3,1         | 4,3         | 4,8         | 4,7         |
| <b>1516 Ulstein</b>   | 6,4         | 6,5         | 6,7         | 6,3         |
| <b>1517 Hareid</b>  | 3,2         | 3,6         | 4           | 3,8         |
| <b>1520 Ørsta</b>   | 3,1         | 4,4         | 4,2         | 4,3         |
| <b>1525 Stranda</b>   | 6,6         | 6,2         | 6           | 6,1         |
| <b>1528 Sykkylven</b>   | 2,9         | 3,7         | 3,4         | 3,4         |
| <b>1531 Sula</b>  | 4           | 5,2         | 5,2         | 5           |
| <b>1532 Giske</b>   | 5,1         | 5,5         | 5           | 4,7         |
| <b>1535 Vestnes</b>   | 3           | 3,8         | 3,5         | 3,5         |
| <b>1539 Rauma</b>   | 3,7         | 4,2         | 3,7         | 3,6         |
| <b>1547 Aukra</b>   | 5,7         | 5,7         | 6,8         | 8,1         |
| <b>1554 Averøy</b>  | 4,1         | 3,9         | 4,1         | 4,5         |
| <b>1557 Gjemnes</b>   | 3,7         | 3,5         | 4,4         | 4,7         |
| <b>1560 Tingvoll</b>  | 4,7         | 4,9         | 5,1         | 5,1         |
| <b>1563 Sunndal</b>   | 3           | 3,3         | 3,5         | 3,1         |
| <b>1566 Surnadal</b>  | 2,8         | 3           | 3,3         | 4,4         |
| <b>1573 Smøla</b>   | 5,2         | 4,7         | 4,8         | 4,6         |
| <b>1576 Aure</b>  | 4,6         | 4,7         | 4,7         | 3,9         |
| <b>1577 Volda</b>   | .           | 4,5         | 4,7         | 5           |
| <b>1578 Fjord</b>   | .           | 5,2         | 4,8         | 4,4         |
| <b>1579 Hustadvika</b>  | .           | 3,6         | 4,1         | 3,9         |
| <b>Møre og Romsdal</b>  | 3,9         | 4,6         | 4,6         | 4,6         |
| <b>Landet utan Oslo</b>   | 3,7         | 4           | 4           | 4,1         |

\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 8 Likvide midlar

---

Arbeidskapital utan premieavvik er eit utrykk for likviditet. Med likviditet meiner vi kommunens evne til å betale sine utgifter etter kvart som dei forfell. Arbeidskapital er omløpsmidlar trekt frå kortsiktig gjeld. Arbeidskapital utan premieavvik kan også brukast som eit av fleire finansielle måltal. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir (aksjar, sertifikat og liknande) og kortsiktige fordringar.

Tabell 9 – Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter i 2019-2022

| <b>Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter</b> | <b>2019</b> | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> |
|--|-------------|-------------|-------------|-------------|
| <b>1505 Kristiansund</b>   | -0,5        | 4,1         | 11,3        | 9,2         |
| <b>1506 Molde</b>  | .           | 10,1        | 10,4        | 8,4         |
| <b>1507 Ålesund</b>  | .           | 21,1        | 18,6        | 18,2        |
| <b>1511 Vanylven</b>   | 9,7         | 9,6         | 6,8         | -0,2        |
| <b>1514 Sande</b>  | 22,3        | 27,2        | 29          | 16,6        |
| <b>1515 Herøy</b>  | 16,9        | 21,4        | 9           | 12,5        |
| <b>1516 Ulstein</b>  | 13          | 13,4        | 9,8         | 8,4         |
| <b>1517 Hareid</b>   | 5,5         | 4,7         | 8,1         | 7,3         |
| <b>1520 Ørsta</b>  | 12,4        | 14,2        | 7,9         | 8,4         |
| <b>1525 Stranda</b>  | -77,6       | 14,4        | 20,4        | 15,5        |
| <b>1528 Sykkylven</b>  | -0,3        | 2,3         | 9,8         | 2,2         |
| <b>1531 Sula</b>   | 30,4        | 35,9        | 36,2        | 27,8        |
| <b>1532 Giske</b>  | 24,1        | 22,7        | 27,9        | 24,7        |
| <b>1535 Vestnes</b>  | 10,3        | 3,8         | 1,3         | 0,4         |
| <b>1539 Rauma</b>  | 10          | 5,8         | 0,1         | 7,7         |
| <b>1547 Aukra</b>  | 110,4       | 125,9       | 135,3       | 139,2       |
| <b>1554 Averøy</b>   | 7,8         | 19,4        | 9,7         | 15,5        |
| <b>1557 Gjemnes</b>  | 25,6        | 22,8        | 30,1        | 22,6        |
| <b>1560 Tingvoll</b>   | 9,1         | 15,9        | 15,9        | 11,8        |
| <b>1563 Sunndal</b>  | 17          | 21,8        | 20,8        | 20,5        |
| <b>1566 Surnadal</b>   | 4,1         | 10,3        | 6,8         | 11,6        |
| <b>1573 Smøla</b>  | 19,2        | 27,1        | 24          | 28,9        |
| <b>1576 Aure</b>   | 17,6        | 22,1        | 24,3        | 27,3        |
| <b>1577 Volda</b>  | .           | 18,6        | 23,1        | 24,2        |
| <b>1578 Fjord</b>  | .           | 17,3        | 11,7        | 12,2        |
| <b>1579 Hustadvika</b>   | .           | 25,1        | 21,4        | 20,8        |
| <b>Møre og Romsdal</b>   | 17          | 18,8        | 18,3        | 17,5        |
| <b>Landet utan Oslo</b>  | 20,6        | 22,4        | 23          | 21,8        |

\* Nye samanslårte kommunar frå 2020 har ikkje historiske tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

## 9 Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein frivillig kommunal skatt og det er kommunestyret som vedtek denne.

Eigedomsskattekontoret skriv ut skatten etter det årlege skattevedtaket i kommunen. På landsbasis har 322 av landets 356 kommunar eigedomsskatt og i Møre og Romsdal er det berre tre kommunar som ikkje har ein form for eigedomsskatt per 2022.

Kommunestyret vedtek kor høg skattesatsen skal vere innanfor lovas rammer.

|                              | <b>Maksimal skattesats</b> |
|------------------------------|----------------------------|
| Bustadar og fritidseigedomar | 4 promille                 |
| Næringsverksemder            | 7 promille                 |

Kommunestyret avgjer kva eigedomar det skal skrive ut eigedomsskatt på. Det er lovleg å ha eigedomsskatt på verksemder utan å skatteleggje bustadar og fritidseigedomar. Kva eigedomar som kommunane i Møre og Romsdal har eigedomsskatt på kjem fram i tabell 9. Tabellen viser også når kommunen sist gjennomførte alminneleg taksering av eigedomane i kommunen.

Alminneleg taksering skal som hovudregel skje kvart tiande år. Samla eigedomsskattteinntekter i Møre og Romsdal var på nær 1,1 mrd. kroner i 2022. Dette viser at eigedomsskatt er ei viktig inntekt for kommunane som bidreg til å oppretthalde nivået på dei kommunale tenestene.

Tabell 10 - Oversikt over eigedomsskatt i kommunane i 2022

|                          | Eigedoms-skatt i kommunen | Eigedoms-skatt totalt (1000 kr) | Bustader og fritids-eigedomar (1000 kr) | Eiendoms-skatt anna eigedom (1000 kr) | Skattesats for bustadar- og fritids-eigedomar | Siste alminnelege taksering i kraft? (år) |
|--------------------------|---------------------------|---------------------------------|---|---------------------------------------|---|---|
| <b>1505 Kristiansund</b> | Ja                        | 103 747                         | 67 159                                  | 36 588                                | 3,70  | 2019                                      |
| <b>1506 Molde</b>        | Ja                        | 137 484                         | 101 521                                 | 35 963                                | ..  | 2020                                      |
| <b>1507 Ålesund</b>      | Ja                        | 138 915                         | 117 447                                 | 21 468                                | ..  | 2015                                      |
| <b>1511 Vanylven</b>     | Nei                       | -                               | -                                       | -                                     | ..  | ..  |
| <b>1514 Sande</b>        | Nei                       | -                               | -                                       | -                                     | ..  | ..  |
| <b>1515 Herøy</b>        | Nei                       | -                               | -                                       | -                                     | ..  | ..  |
| <b>1516 Ulstein</b>      | Ja                        | 12 540                          | 12 540                                  | -                                     | ..  | 2018                                      |
| <b>1517 Hareid</b>       | Ja                        | 9 698                           | 9 698                                   | -                                     | ..  | 2014                                      |
| <b>1520 Ørsta</b>        | Ja                        | 19 719                          | 15 712                                  | 4 007                                 | ..  | 2014                                      |
| <b>1525 Stranda</b>      | Ja                        | 14 488                          | 8 652                                   | 5 836                                 | 4,00  | 2013                                      |
| <b>1528 Sykkylven</b>    | Ja                        | 15 661                          | 15 661                                  | -                                     | ..  | 2018                                      |
| <b>1531 Sula</b>         | Ja                        | 10 116                          | 9 033                                   | 1 083                                 | ..  | 2020                                      |
| <b>1532 Giske</b>        | Ja                        | 28 024                          | 26 119                                  | 1 905                                 | ..  | 2014                                      |
| <b>1535 Vestnes</b>      | Ja                        | 22 809                          | 17 768                                  | 5 041                                 | 4,00  | 2022                                      |
| <b>1539 Rauma</b>        | Ja                        | 38 198                          | 17 276                                  | 20 922                                | 4,00  | 2022                                      |
| <b>1547 Aukra</b>        | Ja                        | 247 204                         | -                                       | 247 204                               | ..  | 2013                                      |
| <b>1554 Averøy</b>       | Ja                        | 26 992                          | 18 207                                  | 8 785                                 | 4,00  | 2020                                      |
| <b>1557 Gjemnes</b>      | Ja                        | 9 920                           | 6 775                                   | 3 145                                 | ..  | 2012                                      |
| <b>1560 Tingvoll</b>     | Ja                        | 10 641                          | 8 900                                   | 1 741                                 | 4,00  | 2016                                      |
| <b>1563 Sunndal</b>      | Ja                        | 74 334                          | 10 545                                  | 63 789                                | 3,00  | 2011                                      |
| <b>1566 Surnadal</b>     | Ja                        | 34 503                          | 13 526                                  | 20 977                                | 3,41  | 2020                                      |
| <b>1573 Smøla</b>        | Ja                        | 12 347                          | -                                       | 12 347                                | ..  | 2018                                      |
| <b>1576 Aure</b>         | Ja                        | 21 753                          | 3 564                                   | 18 189                                | 1,00  | 2018                                      |
| <b>1577 Volda</b>        | Ja                        | 27 424                          | 10 304                                  | 17 120                                | ..  | 2014                                      |
| <b>1578 Fjord</b>        | Ja                        | 14 449                          | -                                       | 14 449                                | ..  | 2019                                      |
| <b>1579 Hustadvika</b>   | Ja                        | 63 230                          | 31 889                                  | 31 341                                | 4,00  | 2022                                      |
| <b>Møre og Romsdal</b>   |                           | 1 094 196                       | 522 296                                 | 571 900                               |   |   |

\* Skattesatsen kan vere ulik i kommunen på grunn av kommunenesamslåing og overgangsordning. ..=Talgrunnlag manglar

Kjelde: SSB-tabell 12843: Eigedomskatt

## 10 Havbruksfondet

---

Havbruksfondet blei oppretta i 2016. Det fordeler inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunal sektor fekk i 2022 om lag 2,71 mrd. kroner. Av dette gjekk rundt 221 millionar kroner til kommunane i Møre og Romsdal.

Tabell 11 – Utbetalingar frå havbruksfondet

| <b>Utbetalingar frå Havbruksfondet</b> |                   |                    |                   |                    |
|--|-------------------|--------------------|-------------------|--------------------|
|  | <b>2019</b>       | <b>2020</b>        | <b>2021</b>       | <b>2022</b>        |
| <b>1505 Kristiansund</b>               | 5 996 691         | 10 218 952         | 3 258 015         | 13 293 103         |
| <b>1506 Molde *</b>                    | 1 094 193         | 11 662 934         | 4 830 158         | 15 171 476         |
| <b>1507 Ålesund *</b>                  | 3 733 894         | 8 841 615          | 3 385 502         | 17 858 995         |
| <b>1511 Vanylven</b>                   | 606 681           | 6 220 232          | 1 983 139         | 8 091 454          |
| <b>1514 Sande</b>                      | 118 303           | 1 212 945          | 386 712           | 4 245 346          |
| <b>1515 Herøy</b>                      | 228 372           | 2 341 473          | 746 510           | 3 045 854          |
| <b>1516 Ulstein</b>                    | 130 003           | 1 332 907          | 424 958           | 1 733 883          |
| <b>1520 Ørsta</b>                      | 666 683           | 6 835 419          | 2 179 274         | 8 891 708          |
| <b>1525 Stranda</b>                    | 563 347           | 5 775 929          | 7 124 792         | 6 935 532          |
| <b>1528 Sykkylven</b>                  |                   |                    |                   | 2 311 844          |
| <b>1532 Giske</b>                      | 307 674           | 3 154 546          | 1 005 735         | 4 103 523          |
| <b>1535 Vestnes</b>                    | 3 218 215         | 6 220 232          | 1 983 139         | 10 403 298         |
| <b>1539 Rauma</b>                      | 346 675           | 3 554 418          | 2 386 647         | 2 889 805          |
| <b>1547 Aukra</b>                      | 532 235           | 9 558 195          | 7 603 403         | 13 456 118         |
| <b>1554 Averøy</b>                     | 794 464           | 7 960 415          | 2 913 793         | 10 143 957         |
| <b>1557 Gjemnes</b>                    | 390 009           | 3 998 720          | 1 274 875         | 5 201 649          |
| <b>1560 Tingvoll</b>                   | 455 011           | 4 665 174          | 1 487 355         | 6 068 591          |
| <b>1566 Surnadal</b>                   | 43 334            | 444 302            | 141 653           | 577 961            |
| <b>1573 Smøla</b>                      | 8 841 203         | 34 940 385         | 11 706 334        | 51 794 197         |
| <b>1576 Aure</b>                       | 3 651 559         | 10 663 254         | 8 413 366         | 16 182 908         |
| <b>1577 Volda *</b>                    | 693 350           | 7 108 836          | 1 994 036         | 9 247 376          |
| <b>1578 Fjord *</b>                    | 4 220 641         | 3 110 116          | 1 133 222         | 4 623 688          |
| <b>1579 Hustadvika *</b>               | 390 010           | 3 998 720          | 1 274 875         | 5 201 649          |
| <b>Sum</b>                             | <b>37 022 547</b> | <b>153 819 719</b> | <b>67 637 495</b> | <b>221 473 915</b> |


\* Tala er summert frå kommunar som blei samanslått i 2020. Molde (tidlegare Molde, Midsund og Nesset kommune), Volda (tidlegare Volda og Hornindal kommune), Fjord (tidlegare Norddal og Stordal kommune), Ålesund (tidlegare Ålesund, Haram, Skodje, Ørskog og Sande kommune) og Hustadvika (tidlegare Eide og Fræna kommune).

## 11 KOSTRA

---

### Barnehagesektoren

Utgiftene til barnehagedrift utgjer ein stor del av kommunane sitt budsjett, på landsbasis i gjennomsnitt 11 prosent av totale brutto driftsutgifter. I oversikta under er alle utgifter som kommunen har til barnehagedrift totalt tatt med, med frådrag av alle inntektene.




Figur 19 - Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbyggar 1-5 år i 2022

Netto driftsutgifter til barn i barnehage per innbyggar 1-5 år varierer mykje mellom kommunane i fylket. Gjemnes kommune hadde i 2022 høgast utgifter og ligg på 236 580 kroner per barn. Giske kommune brukte same år minst per barn, her er netto driftsutgifter per innbyggar til samanlikning 163 713 kroner. Skilnaden er dermed på 72 867 kroner per barn. Møre og Romsdal sett under eitt (186 595 kroner) ligg omtrent på landssnittet utan Oslo (187 725 kroner).

## Grunnskolesektoren

18 prosent av kommunens utgifter går til grunnskolesektoren. Figuren under viser skilnaden mellom kommunane i fylket i utgifter til skoledrift per innbyggjar i alderen 6–15 år.




Figur 20 - Netto driftsresultat til grunnskolesektoren per innbyggjar 6-15 år i 2022

Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren inneholder kostnadene fra kommunane sin KOSTRA-rapportering på funksjonane 202 grunnskole, 215 skolefritidsordning, 222 skolelokale og 223 skoleskyss. Den kommunen som har høgast utgifter til grunnskolesektoren bruker 212 884 kroner per innbyggjar 6-15 år, medan den som har lågast bruker 112 339 kroner. Skilnaden mellom den kommunen som bruker mest og den som bruker minst er på 100 546 kroner per elev i grunnskolealder. Landsgjennomsnittet (utan Oslo) er til samanlikning på 133 197 kroner, medan Møre og Romsdal i snitt brukar 137 128 kroner. Fylket ligg med det litt over snittet (3 932 kroner). 17 av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet (utan Oslo).


## Helse- og omsorgstenester

Helse- og omsorgstenester utgjer framleis ca. 34 prosent av kommunane sine utgifter. Oversikta under viser kommunen sine kostnadar til helse- og omsorgstenester per innbyggjar.



Figur 21 - Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbyggjar i 2022

Dei aller fleste kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet (utan Oslo). Den kommunen som har høgst utgifter bruker 64 470 kroner per innbyggjar, medan den som har lågast kostnadar brukar 32 015 kroner. Dette er ein skilnad på 32 455 kroner. Landsgjennomsnittet (utan Oslo) ligg på 34 547 kroner, medan det for Møre og Romsdal ligg på 39 147 kroner.



Figur 22 - Mottakarar av ulike tenester etter tenestetype 2007–2022 nasjonalt

Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2024.

## 12 Skjønnstilskot

Kommunal- og distriktsdepartementet set kvart år av ein del av rammetilskotet til skjønnstilskot til kommunane.

Føremålet med skjønnstilskotet er å:

- fange opp forhold som ikkje blir godt nok tatt i vare i inntektssystemet og gjennom andre faste tilskotsordningar (ordinært skjønnstilskot)
- bidra til fornying og utvikling av kommunane (prosjektskjønn/fylkesløft)

Skjønnstilskot blir fordelt til:

- Ordinært skjønn
- Prosjektskjønn/fylkesløft
- Kriseskjønn

Statsforvaltaren fordeler fylkesrammene vidare til kommunane etter [retningslinjer](#) gitt av departementet.

### Ordinært skjønn og kriseskjønn

Skjønnspotten i 2024 blir om lag på same nivå som 2023. Fordelinga til kommunane vil bli kjent ved framlegging av statsbudsjettet for 2024. Dei siste åra har ramma for skjønnsmidlar vorte halvert til ca. 50 millionar kroner. Reduksjonen i skjønnsramma blir grunngjeve med at vi har hatt eit for høgt snitt per innbyggjar i skjønnstilskot i forhold til andre fylker, og at ein større del no blir lagt inn i rammetilskotet til kommunane.

Skjønnsmidlane er ein del av rammetilskotet til kommunane og er kommunane sine eigne pengar. Statsforvaltaren drøftar bruken av skjønnsmidlane med kommunedirektørutvalet før tildeling.

Vi ber kommunane om innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela blir vurdert opp mot til

dømes inntektssystemet og andre tilskotsordningar, samt i høve til gjennomsnittlege utgifter knytt til innspelet for kommunane i fylket, i den grad det lar seg gjere.

Ordinære skjønnsmidlar går mellom anna til kommunar som har

- høgare utgifter enn fylkessnittet til ressurskrevjande tenestemottakarar under 67 år
- høge tal på barn under omsorg (i høve snitt for fylket)
- språkdeling
- legevaktsskyss
- utgifter til helseplattforma
- andre spesielle saker

Kommunane må søke på skjønnstilskot. Søknadsfristen er 1. juni kvart år.

Statsforvaltaren skal halde att minst fem prosent av totalramma til ekstraordinære hendingar gjennom året, såkalla krieskjønn. Søknadsfristen for krieskjønn er 1. september kvart år. Om midlane ikkje blir nytta til ekstraordinære hendingar, kan dei brukast til andre føremål i kommunane ved årsslutt.

Av totalpotten på 51,6 millionar kroner for 2023, gjekk 46,8 millionar kroner til ordinært skjønn og prosjektskjønn/fylkesløft.



Figur 23 - Fordeling av skjønnspotten 2023

Tabell 12 – Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2023

| <b>Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2023</b> |  |                                 |                          |                  |                           |                        |   |
|---|--|---------------------------------|--------------------------|------------------|---------------------------|------------------------|---|
| <b>Språkdeling</b>  | <b>Opprett-halde drift av kommu-nalt rovvilt-utval</b> | <b>Skyss av helseperson ell</b> |                          |                  | <b>Generell vurdering</b> | <b>Spesielle saker</b> | <b>Særleg høge utgifter til ressurs-krevende tenestemotta karar</b> |
|   |  | <b>Barnevern</b>                | <b>Helseplattform-en</b> |                  |                           |                        |   |
| Kristiansund  |  | 900 000                         | 900 000                  | 500 000          | 2 000 000                 |                        |   |
| Molde   | 30 000   | 200 000                         | 450 000                  | 1 300 000        | 500 000                   |                        |   |
| Ålesund   | 2 900 000  | 1 200 000                       |                          | 1 700 000        | 500 000                   |                        |   |
| Vanylven  |  | 400 000                         | 100 000                  |                  |                           | 291 000                |   |
| Sande   |  | 500 000                         |                          | 100 000          |                           |                        | 230 000   |
| Herøy   |  |                                 | 400 000                  |                  |                           |                        | 835 000   |
| Ulstein   |  | 900 000                         | 300 000                  |                  | 200 000                   |                        | 808 000   |
| Hareid  |  | 600 000                         | 200 000                  |                  |                           |                        | 484 000   |
| Ørsta   |  |                                 | 400 000                  |                  |                           |                        | 1 020 000   |
| Stranda   |  |                                 | 200 000                  |                  |                           | 600 000                |   |
| Sykylven  |  | 100 000                         | 300 000                  |                  |                           |                        |   |
| Sula  |  | 300 000                         | 400 000                  |                  | 500 000                   |                        |   |
| Giske   |  |                                 | 300 000                  |                  | 500 000                   |                        |   |
| Vestnes   |  | 700 000                         | 300 000                  |                  | 900 000                   |                        |   |
| Rauma   | 30 000   |                                 | 300 000                  | 600 000          | 100 000                   |                        |   |
| Aukra   |  |                                 |                          |                  |                           |                        |   |
| Averøy  |  |                                 | 200 000                  |                  | 500 000                   |                        |   |
| Gjemnes   |  | 200 000                         | 100 000                  |                  | 400 000                   |                        |   |
| Tingvoll  |  | 200 000                         | 100 000                  |                  |                           |                        |   |
| Sunndal   | 30 000   |                                 | 300 000                  |                  |                           |                        |   |
| Surnadal  | 600 000  | 30 000                          | 100 000                  | 200 000          |                           |                        |   |
| Smøla   |  | 300 000                         |                          | 100 000          |                           | 800 000                |   |
| Aure  |  | 500 000                         |                          | 100 000          |                           |                        |   |
| Volda   |  |                                 | 400 000                  |                  |                           |                        | 1 016 000   |
| Fjord   | 30 000   |                                 | 100 000                  | 250 000          | 1 200 000                 |                        |   |
| Hustadvika  | 200 000  |                                 | 600 000                  | 500 000          |                           |                        |   |
| <b>SUM</b>  | <b>3 700 000</b>                                       | <b>150 000</b>                  | <b>2 700 000</b>         | <b>5 450 000</b> | <b>9 300 000</b>          | <b>2 350 000</b>       | <b>7 700 000</b>  |
|   |  |                                 |                          |                  |                           |                        | <b>4 684 000</b>  |

## Prosjektskjønn/Fylkesløft

Ein del av skjønnsramma kan gå til fornying og utvikling i kommunane gjennom prosjektskjønn/fylkesløft. Prosjektskjønnsmidlane vil dei nærmaste åra bli prioritert til tiltak som gir eit løft for alle kommunane i fylket gjennom «**fylkesløft**». Prosjekta bør ha overføringsverdi til andre kommunar og ha eit opplegg for erfaringsdeling.

Kommunane søker på prosjektskjønn/fylkesløft gjennom portalen [Prosjektskjønn](#). Søknadsfristen er 1. juni kvart år.

| <b>Fordeling av prosjektskjønn 2020 – 2023</b> |                     |            |
|--|---------------------|------------|
| År   | Kommunar/ samarbeid | Beløp      |
| 2023   | 16                  | 10 774 860 |
| 2022   | 18                  | 8 577 840  |
| 2021   | 13                  | 11 450 000 |
| 2020   | 7                   | 7 000 000  |

Tabell 13 – Tildeling prosjektskjønn 2023


| <b>Prosjektskjønn tildeling 2023</b>                    |                      |                   |
|---|----------------------|-------------------|
| Prosjektnamn  | Kommunar             | Tildeling kroner  |
| <b>DIGI Møre og Romsdal</b>                             | Kristiansund kommune | 1 000 000         |
| <b>Ungt entreprenørskap i grunnskolen</b>               | Stranda kommune      | 27 852            |
| <b>Ungt entreprenørskap i grunnskolen</b>               | Sykylven kommune     | 40 284            |
| <b>Ungt entreprenørskap i grunnskolen</b>               | Vestnes kommune      | 37 760            |
| <b>Ungt entreprenørskap i grunnskolen</b>               | Tingvoll kommune     | 21 808            |
| <b>Ungt entreprenørskap i grunnskolen</b>               | Sunndal kommune      | 37 664            |
| <b>Ungt entreprenørskap i grunnskolen</b>               | Hareid kommune       | 30 548            |
| <b>Helseplattforma i Sjustjerna 2023</b>                | Herøy kommune        | 1 200 000         |
| <b>Helseplattforma Nordre Sunnmøre 2023</b>             | Ålesund kommune      | 1 200 000         |
| <b>Helseplattforma i ROR 2023</b>                       | Molde kommune        | 2 200 000         |
| <b>Helseplattforma Kristiansund &amp; Nordmøre 2023</b> | Kristiansund kommune | 1 200 000         |
| <b>Ungt entreprenørskap</b>                             | Ålesund kommune      | 278 944           |
| <b>Berekraftkoordinator</b>                             | Volda kommune        | 500 000           |
| <b>Berekraftkoordinator</b>                             | Tingvoll kommune     | 1 000 000         |
| <b>Berekraftkoordinator</b>                             | Molde kommune        | 1 000 000         |
| <b>Berekraftkoordinator</b>                             | Ålesund kommune      | 1 000 000         |
| <b>Sum</b>  |                      | <b>10 774 860</b> |

## 13 ROBEK

ROBEK er forkortinga av «*Register om betinget godkjenning og kontroll*». Dette er eit register over kommunar og fylkeskommunar som er eller har kome i økonomisk ubalanse og derfor har komme under statleg kontroll av økonomien.


Det er kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, samt vedtak av årsrekneskap, som er grunnlag for innmelding i ROBEK-registeret (sjå 13.2). Vurderinga er objektiv og skal ikkje bygge på skjønn.

I 2021 hadde Møre og Romsdal tre kommunar på ROBEK-registeret. Kommunane Sande og Giske blei meldt ut av registeret i 2022 etter fleire år med økonomisk ubalanse. Rauma kommune blei meldt inn i 2021 og har planer om å dekke inn meirforbruk over fire år. Vestnes kommune blei meldt inn i registeret sommaren 2022. Våren 2023 blei Stranda kommune meldt inn i ROBEK-registeret. Vestnes kommune blei meldt ut i juni 2023. Pr. 22. juni 2023 er to kommunar i fylket på ROBEK-registeret, Rauma og Stranda. Vi ser at fleire står i fare for å bli meldt inn i åra som kjem. Det er difor viktig å gjere naudsynte politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi.



Figur 24 - Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK siste året per 19. juni 2023

Figuren under viser tal på kommunar innmeldt i ROBEK-registeret frå 2001 fram til i dag.



Figur 25 - Oppføring på ROBEK 2001–2023, i Møre og Romsdal og landet

\*Per 19. juni for 2023

### 13.1 Innmelding i ROBEK

Ein kommune skal registrerast i ROBEK når eitt av alternativa i kommunelova § 28-1 første ledd ligg føre, jf. tabelloversikt på neste side.

Det er Statsforvaltaren som skal kontrollere om ein kommune skal registrerast i ROBEK. Vi sender registreringa til departementet som gjennomfører ho. Det same gjeld for utmelding frå registeret.

Om kommunen allereie er meldt inn på ROBEK-registeret etter eitt eller fleire av alternativa i § 28-1 første ledd, skal nye grunnlag registrerast om dei oppstår. Registeret skal innehalde alle grunnlag som kommunen er registrert for til ein kvar tid.

Kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, samt vedtak av årsrekneskap, er grunnlag for innmelding i ROBEK-registeret.

Departementet kan bestemme at ein kommune ikkje skal førast inn på ROBEK-registeret. Dette gjeld når det er klart at det ikkje er behov innmelding jf. kommunelova § 28-1 andre ledd. Dette er det berre departementet som kan vurdere.

## 13.2 Kriteria for registering på ROBEK

Kommunar skal registrerast på ROBEK om eitt av følgande forhold ligg føre.

| Innmelding i ROBEK  | Utmelding av ROBEK  |
|---|---|
| Driftsbudsjett er vedteke med meirforbruk -<br>§ 28-1 bokstav a   | Driftsbudsjettet året etter er vedteke utan meirforbruk -<br>§ 28-5 første ledd           |
| Driftsdelen av økonomiplanen er vedteke med meirforbruk -<br>§ 28-1 bokstav b   | Året etter er vedteke driftsdel i økonomiplana utan meirforbruk -<br>§ 28-5 andre ledd    |
| Inndecking av meirforbruk i driftsbudsjett, økonomiplan eller driftsrekneskap over fleire enn 2 år etter at det oppstod -<br>§ 28-1 bokstav c | Meirforbruket er dekt inn -<br>§ 28-5 tredje ledd   |
| Samla meirforbruk i driftsrekneskapen på meir enn 3 prosent av driftsinntektene -<br>§ 28-1 bokstav d   | Meirforbruket er dekt inn -<br>§ 28-5 tredje ledd   |
| Økonomiplan eller årsbudsjett ikkje er vedteke innan fristen -<br>§ 28-1 bokstav e  | Økonomiplan eller årsbudsjett året etter er vedteke innan fristen -<br>§ 28-5 fjerde ledd |
| Årsrekneskapen ikkje er vedteke innan fristen -<br>§ 28-1 bokstav f   | Årsrekneskapen året etter er vedteke innan fristen -<br>§ 28-5 fjerde ledd                |
| Vedtak etter inndelingslova § 16 a (gjeld for kommunar som slår seg saman) -<br>§ 28-1 bokstav g  | Meirforbruket er dekt inn -<br>§ 28-5 tredje ledd   |

### Vedtak med meirforbruk

Det går fram av kommunelova § 14-10 første og femte ledd at all bruk av midlar skal ha dekning i årsbudsjett og kvart år i økonomiplan. Blir det gjort vedtak om meirforbruk i driftsbudsjett/økonomiplan, skal kommunen meldast inn i ROBEK.

### Uspesifisert saldering i årsbudsjett

Dersom kommunen gjer vedtak om uspesifisert saldering i årsbudsjett eller økonomiplanen for å oppnå balanse, er ikkje det tilstrekkeleg for å unngå innmelding i ROBEK.

Innsparingar/utgiftsreduksjonar for å oppnå balanse i økonomiplan eller budsjett, må bli konkretisert og vedteke på dei einskilde tenesteområda.

## **Inndecking av meirforbruk**

Vedtek kommunestyret at meirforbruk i årsrekneskapen skal dekkast inn over fleire enn to år, skal kommunen registrerast i ROBEK. Dette gjeld også om budsjett eller økonomiplan viser inndeckning over meir enn to år.

## **Meirforbruk større enn tre prosent av driftsinntektene**

Kommunen skal meldast inn i ROBEK når samla meirforbruk frå driftsrekneskapen er større enn tre prosent av driftsinntektene. Med driftsinntekter meiner ein brutto driftsinntekter jf. KOSTRA.

## **Fristar ikkje overhalde**

Økonomiplanen og årsbudsjett skal vedtakast før årskiftet jf. kommunelova § 14-3 første ledd. Det inneber at vedtak seinast kan fattast 31. desember.

Årsrekneskap og årsberetning skal vedtakast seinast seks månadar etter rekneskapsårets slutt jf. kommunelova § 14-3 andre ledd, altså seinast 30. juni.

Kommunar som ikkje gjer vedtak innan fristane blir meldt inn på ROBEK.

## **Utmelding av ROBEK**

Kommunen blir meldt ut av ROBEK når alle kriteria for innmelding ikkje lenger er oppfylt. Dette følger av kommunelova § 28-5. Statsforvaltaren melder frå til departementet når kommunen skal meldast ut.

## **13.3 Tiltaksplan**

Kommunestyret skal fastsette ein tiltaksplan som sikrar at økonomien kjem i balanse jf. kommunelova § 28-4 andre ledd. For kommunar som er meldt inn i ROBEK etter kommunelova § 28-1 bokstav a, b, e eller g, må tiltaksplanen vere vedtatt innan 30. juni. For innmelding etter § 28-1 bokstav c, d eller f er fristen 31. desember. Tiltaksplanen skal sendast til Statsforvaltaren til orientering.

### 13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak

Statsforvaltaren skal kontrollere om årsbudsjettet er realistisk og i balanse, jf. Kommunelova § 14-4 første ledd, og elles at andre krav er oppfylt.

Kommunar på ROBEK må få godkjenning til å ta opp lån jf. kommunelova § 28-3. Statsforvaltaren gjer dette ved å godkjenne ei ramme for låneopptaket. Vi kan også sette krav til kva lånet skal nyttast til. Deltek ein ROBEK-kommune i interkommunale selskap, skal låneopptak i selskapet godkjennast.

Ein ROBEK-kommune kan ikkje inngå leigekontraktar av varige driftsmidlar utover dei fire neste budsjettåra. Slike leigeavtalar må godkjennast av Statsforvaltaren.

## 14 Klimabudsjett – klimarekneskap

---

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har sett klimaspørsmål på dagsordenen og. Om lag halvparten av kommunane har per juni 2023 klimabudsjett eller klimarekneskap og fleire planlegg for å ta inn klimabudsjett i budsjettarbeidet til hausten.

Aktuell statistikk og informasjon som kan vere nyttig i kommunens arbeid med klimarekneskap:

- KS har utvikla eit styringsverktøy for klimabudsjett for kommunar
- Miljødirektoratet har oversikt over utslepp av klimagassar på kommunenivå
- SSB – Utvalde nøkkeltal for klima og energi

Tabell 14 – Oversikt over klimabudsjett

| Kommune      | Har klimabudsjett?                                 |
|--------------|--|
| Averøy*      | ja - oppstart                                      |
| Fjord        | Ja   |
| Herøy*       | ja - oppstart                                      |
| Kristiansund | ja   |
| Molde        | ja   |
| Rauma        | Ja   |
| Sunndal      | Ja   |
| Surnadal     | Ja   |
| Vanylven*    | ja - oppstart                                      |
| Vestnes*     | ja - oppstart                                      |
| Ålesund      | ja   |
| Aukra        | nei – skal lage                                    |
| Aure         | nei – skal lage                                    |
| Gjemnes      | nei – skal lage                                    |
| Hustadvika   | nei – skal lage                                    |
| Sande        | nei – skal lage                                    |
| Smøla        | nei – skal lage                                    |
| Stranda      | nei - har hatt<br>(fleirårig klimabudsjett i 2021) |
| Sula         | nei – skal lage                                    |
| Sykylven     | nei – skal lage                                    |
| Tingvoll     | nei – skal lage                                    |
| Giske        | nei  |
| Hareid       | nei  |
| Ulstein      | nei  |
| Volda        | nei  |
| Ørsta        | nei – har hatt                                     |

\* Har foreløpig berre litt tekst om klimabudsjett og -arbeid i sin økonomiplan

## 15 Eigarstyring - eigarskapsmelding

---

Kommunar skal utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i kvar valperiode. Det er kommunestyret som skal vedta den jf. kommunelova § 26-1. Eigarstyring er ei sentral oppgåve for dei folkevalde og lova gir ikkje høve til å delegera dette ansvaret til andre.

Kravet om eigarskapsmelding kom inn i kommunelova i 2018. Vi er inne i den første valperioden der det er krav om at kommunestyret skal vedta eigarstryringa si. Kommunar må difor gjere vedtak av eigarskapsmeldinga innan kommunevalet i 2023.

### 15.1 Krav til innhald i eigarskapsmeldinga


Lova stiller krav til innhald til eigarskapsmelding. Dette er minimumskrava:

- Prinsippet for eigarstyringa
- Oversikt over selskap, føretak og verksemder med kommunale eigarinteresser
- Målet med eigarinteressene

Det vil vere ein fordel om meldinga inneheld opplysningar om verksemda oppfyller hensikta etter føremålet med kommunens engasjement.

Kommunale eigarskap kan vere:

- Aksjeselskap (AS) - aksjeselskapslova
- Samvirkeføretak - samvirkelova
- Interkommunale selskap (IKS) - IKS-lova
- Kommunale føretak jf. kommunelova kapittel 9
- Kommunale samarbeid
  - Oppgåvefellesskap jf. kommunelova kapittel 19
  - Vertskommunesamarbeid jf. kommunelova kapittel 20



**Figur 26 - Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap**  
 Figur henta frå <https://www.ks.no/globalassets/fagområder/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

Eigarskapsmeldinga bør utarbeidast på ein slik måte at kommunestyret kan utøve sitt eigarskap på ein hensiktsmessig måte. Den kan seie noko om korleis eigarskapet skal følgjast opp i representantskap eller generalforsamling, eigarskapsmøter og informasjon/rapportering til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med kommunens eigarinteresser (eigarskapskontroll) jf. kommunelova §§ 23-2 og 23-4. Revisjonen har også ei oppgåve i eigarskapskontrollen jf. kommunelova § 24-2.

KS Folkevalgtprogram har laga Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, som kan vere nyttig for å tilegne seg meir kunnskap om kommunale eigarskap.

## Kjelder:

Regjeringa:

- Kommuneproposisjonen 2024 <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-112-s-20222023/id2976581/?ch=1>
- Sluttrapport for 1. halvår 2022 fra arbeidsgruppa som skal kartlegge økonomiske konsekvenser av covid-19-situasjonen for kommunesektoren:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/a25aee27f86e4d82a99d22fd0143020b/rapport-for-1.-halvar-2022.pdf>
- Regjeringen.no: Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi:  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/f6c799ac7c474e5b8f561d1e72d474da/t-1573n.pdf>
- Rapport frå *Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi*:  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rapport-fra-det-tekniske-beregningsutvalg-for-kommunal-og-fylkeskommunal-okonomi-november-2022/id2948377/>

KS:

- Anbefalinger om eierskap. Selskapsledelse og kontroll:  
<https://www.ks.no/globalassets/fagområder/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>
- Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy:  
<https://www.ks.no/fagområder/samfunnsutvikling/klima/veileder-for-klimabudsjett/>

SSB:

- Statistikkbanken: <https://www.ssb.no/statbank/>

Andre:

- [Norges Bank, Pengepolitisk rapport 2/23 - https://www.norges-bank.no/contentassets/afd298a18fc04b3a984b12993c9610dc/ppr-2-23.pdf?v=06/22/2023090036](https://www.norges-bank.no/contentassets/afd298a18fc04b3a984b12993c9610dc/ppr-2-23.pdf?v=06/22/2023090036)
- Integrerings- og mangfaltsdirektoratet – Busetjing 2023 - <https://www.imdi.no/planlegging-og-bosetting/bosettingstall/>
- Statsforvaltaren i Troms og Finnmark: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-troms-og-finnmark/kommunal-styring/veiledningsnotat---bedre-kobling-mellom-samfunnsplan-og-okonomiplan2.pdf>
- Fiskeridirektoratet – Havbruksfondet:  
<https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Tema/Havbruksfondet/utbetalinger-Havbruksfondet-2022-12.xlsx>
- Miljødirektoratet – Klimagassregnskap for kommunar:  
<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsområder/klima/klimagasser-utslippstall-regnskap/klimagassregnskap-for-kommuner-og-fylker/>
- Møre og Romsdal fylkeskommune:  
<https://mrfylke.no/om-oss/prosjekta-vaare/berekraftfylket-moere-og-romsdal>

DFØ:

- <https://anskaffelser.no/>
- <https://kriterieveiviseren.difi.no/nb>

Innovative anskaffelser:

- <https://innovativeanskaffelser.no/>

## Tabellar

|   |    |
|---|----|
| Tabell 1 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat .....                       | 14 |
| Tabell 2 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbygger - 2022.....                           | 17 |
| Tabell 3 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter .....                       | 22 |
| Tabell 4 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter .....                           | 25 |
| Tabell 5 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter .....                            | 30 |
| Tabell 6 – Netto renteeksponert gjeld .....   | 32 |
| Tabell 7 – Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter .....                       | 33 |
| Tabell 8 – Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter .....                                     | 35 |
| Tabell 9 – Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter i 2019-2022..... | 37 |
| Tabell 10 - Oversikt over egedomskatt i kommunane i 2022.....                                   | 39 |
| Tabell 11 – Utbetalingar frå havbruksfondet .....   | 40 |
| Tabell 12 – Fordeling av ordinært skjønstillskot til kommunane i 2023 .....                     | 46 |
| Tabell 13 – Tildeling prosjektskjønn 2023.....  | 47 |
| Tabell 14 - Oversikt over klimabudsjet .....  | 53 |

## Figurar

|   |    |
|---|----|
| Figur 1 - Illustrasjon av FNs tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål .....                              | 6  |
| Figur 2 – Aldersbæreevne per kommune i Møre og Romsdal - 2023.....  | 7  |
| Figur 3 - Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul (Asplan Viak) .....         | 10 |
| Figur 4 - Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel 2019 - 2023 .....                                 | 11 |
| Figur 5 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i prosent av totale brutto driftsutgifter ..... | 15 |
| Figur 6 - Fordeling av kommunane sine frie inntekter 2022, førebelse tal. ....                              | 16 |
| Figur 7 - Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbygger i 2022 .....                         | 16 |
| Figur 8 - Tiltakstrappa - økonomisk balanse .....   | 18 |
| Figur 9 - Kart over kommunar som viser positivt og negativt netto driftsresultat .....                      | 19 |
| Figur 10 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter .....                                   | 20 |
| Figur 11 - Netto driftsresultat og disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene i 2005-2022 .....         | 23 |
| Figur 12 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2022 .....                                | 24 |
| Figur 13 - Utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2016–2022 .....                  | 26 |
| Figur 14 - Langsiktig gjeld fordelt på kredittkjelder 2001–2022.....  | 27 |
| Figur 15 - Fordeling av kommunane si langsiktige gjeld – landsdekkande 2022.....                            | 28 |
| Figur 16 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter.....   | 29 |
| Figur 17 – Kommunane si langsiktige gjeld og renteeksponering i 2005–2022 i prosent av driftsinntektene ..  | 31 |
| Figur 18 - Utvikling i styringsrenta 2005–2023 (Norges bank) pr. 19. juni 2023. ....                        | 34 |
| Figur 19 - Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbygger 1-5 år i 2022.....                          | 41 |
| Figur 20 - Netto driftsresultat til grunnskolesektoren per innbygger 6-15 år i 2022 .....                   | 42 |
| Figur 21 - Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbygger i 2022 .....                          | 43 |
| Figur 22 - Mottakarar av ulike tenester etter tenestetype 2007–2022 nasjonalt .....                         | 43 |
| Figur 23 - Fordeling av skjønnspotten 2023.....   | 45 |
| Figur 24 - Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK siste året per 19. juni 2023.....                         | 48 |
| Figur 25 - Oppføring på ROBEK 2001–2023, i Møre og Romsdal og landet.....                                   | 49 |
| Figur 26 - Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap .....                                   | 55 |